

Saksbehandlar: Eva Solhaug Fosshagen, Samferdsleavdelinga  
Sak nr.: 14/3481-5

## **Søknad om ny avgang på NX170 Sogn og Fjordane ekspressen**

### **Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:**

NX170 Sogn og Fjordane ekspressen får utvida tilbodet sitt med ein ny avgang frå Sogndal og Oslo etter desse vilkåra:

- a) Løyvet gjeld i 10 år frå 06.10.2014 til 06.10.2024 for avgang frå Sogndal kl. 05.20 med retur frå Oslo kl. 16.00.
- b) Krav til god vandel, tilfredsstillande økonomisk evne og tilstrekkeleg fagleg kompetanse skal vere oppfylt i samsvar med til ei kvar tid gjeldande regelverk.
- c) Forslag til ruteplan i søknad av 16.05.14 vert lagt til grunn. Endringar i takstar og rutetilbod skal godkjennast av Sogn og Fjordane fylkeskommune.
- d) For reiser innanfor fylkesgrensa gjeld fylkeskommunale takstar og stoppmønster.
- e) Materiellet på ruta skal tilpassast personar med nedsett funksjonsevne eller det skal gjevast eit serviceopplegg som tek omsyn til denne gruppa sine behov, jamfør rundskriv N-2/2006.
- f) Det er tillatt å utføre lokaltrafikk, dvs. ta opp og setje av dei same passasjerane på heile strekninga innan Sogn og Fjordane og mellom desse haldeplassane i Buskerud: Tuv, Trøim (Hemsedal), Gol skystasjon, Nesbyen (Shell), Bromma, Flå, Gulsvik (Statoil), Ørgenvika og Sokna. Ingen lokaltrafikk på strekninga Hønefoss – Oslo.
- g) Turvognløyve i original og rettkjend kopi av ruteløyvet skal oppbevarast i bussen og visast fram ved ein eventuell kontroll.

Vedlegg: Søknad frå Nettbuss datert 16.05.14

Andre dokument som ikkje ligg ved:

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

Nettbuss Ekspress og Nettbuss Sør søker om å få opprette ein ny avgang på NX170 Sogn og Fjordane ekspressen, Førde - Oslo. Nettbuss søker om ein avgang frå Sogndal kl. 05.20 til Oslo kl. 10.50 via Sokna, Hønefoss og Sandvika. Retur frå Oslo kl. 16.00 til Sogndal kl. 22.00. Ruta skal gå måndag – fredag og køyre den nye parsellen over Ørgenvika.

NX170 er ei kommersiell rute som Nettbuss Sør, region Sogn og Fjordane og Firda Billag Buss køyrer i lag.

Grunnen for at saka er fremja

Det vart merkbar kortare køyretid til Oslo når Ørgenvika – Sokna opna. Dette meiner Nettbuss gjer det mogeleg å etablere ein tidleg avgang for NX170. Dei meiner det vil vere eit godt alternativ for forretningsreisande, vil kunne konkurrere med både bil og fly frå Sogndal og vil gje eit heilt nytt tilbod for Hemsedal, som ikkje har nokon direktebuss til Oslo om morgonen i dag.

#### Historikk - tidlegare vedtak

Pr. i dag er det tre avgangar i døgnet mellom Sogndal og Oslo. Frå Sogndal kl. 11.35, 14.30 og 22.30. Frå Oslo går bussen kl. 09.40, 14.40 og 21.40. Ingen av avgangane frå Sogndal køyrer innom Drammen og Asker. Avgangen kl. 22.30 køyrer via Gardermoen. Avgangen frå Oslo kl. 14.40 køyrer via Asker og Drammen, og avgangen kl. 21.40 køyrer via Gardermoen.

Hovudutval for samferdsle gjorde i sak 14/21 vedtak om at NX170 skulle få endre køyretrasse når parsellen Ørgenvika – Sokna opna i juni 2014.

#### Andre opplysningar

I høve yrkestransportforskrifta § 3, første ledd, er det den fylkeskommune kor løyvesøkjjar har sin forretningsadresse som er løyvestyresmakt.

Eventuelle klager på løyvevedtak skal gå til departementet og ikkje til Kongen i statsråd som etter tidlegare gjeldande forskrift.

#### Høyringsuttale

Nettbuss Sør i Buskerud har avtale med Buskerud fylkeskommune/Brakar om ruta NX175. Denne ønskjer Nettbuss å gjere endringar på, og vil at denne endringa skal sjåast i samheng med søknaden om ny avgang på NX170. Samferdslesjefen i Buskerud skriv dette:  
*Samferdselssjefen anbefaler Sogn og Fjordane fylkeskommune å imøtekomme søknaden om å utvide tilbudet på ekspressbusslinje 170 fra Sogndal via Gol og til Oslo via Hønefoss med ny avgang fra Sogndal kl 05:20, Gol kl 08:00 til Oslo kl 10:50 og retur frå Oslo kl 16:00 til Gol kl 19:00 og Sogndal kl 22:00. Endringen gjennomføres frå 6.10.20014.*

Søknaden om ny avgang på NX170 har ikkje vore sendt ut på høyring. Administrasjonen har vore i telefonisk kontakt med Akershus fylkeskommune. Dei uttalar seg kun om ruter som går via Gardermoen. Oslo kommune by- og miljøetaten vart også kontakta på telefon, og dei hadde ikkje merknader til at det vart oppretta ein ny avgang på NX170.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

#### Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Det vil ikkje få økonomiske konsekvensar for fylkeskommunen om denne avgangen vert oppretta. Også denne avgangen skal vere kommersiell, og vil ikkje vere i konkurranse med andre avgangar.

## **3. Vilkår**

Utover dei generelle vilkår om god vandel, tilfredstillande økonomisk evne og tilstrekkeleg fagleg kompetanse fastsett i yrkestransportforskrifta § 4, kan løyvestyresmakta med heimel i § 5 setje nærare vilkår for løyvet.

Kravet i rundskriv N-2/2006 om tilgjenge på ekspressbussar i form av at materiell skal tilpassast personar med nedsett funksjonsevne, eller at det skal gjevast eit serviceopplegg som tek omsyn til denne gruppa sine behov bør uttrykkast som eit eige vilkår ved løyvetildelinga.

Det bør også vere eitt vilkår ved løyvetildelinga at turvognløyve i original og rettkjend kopi av ruteløyvet skal oppbevarast i bussen og visast fram ved ein eventuell kontroll, jamfør føresegnene om kontrolldokument i yrkestransportforskrifta § 13.

Dersom fylkeskommunen på eitt seinare tidspunkt finn det naudsynt med fleire vilkår eller at det er trong for å endre nokon av vilkåra vedteke i denne saka, kan dette gjerast med heimel i yrkestransportforskrifta § 5.

Nettbuss får eit nytt ruteløyve for persontransport på strekninga Sogndal - Oslo på følgjande vilkår:

- a) Løyvet gjeld i 10 år frå 06.10.2014 til 06.10.2024 for avgang frå Sogndal kl. 05.20 med retur frå Oslo kl. 16.00.
- b) Krav til god vandel, tilfredsstillande økonomisk evne og tilstrekkeleg fagleg kompetanse skal vere oppfylt i samsvar med til ei kvar tid gjeldande regelverk.
- c) Forslag til ruteplan i søknad av 16.05.14 vert lagt til grunn. Endringar i takstar og rutetilbod skal godkjennast av Sogn og Fjordane fylkeskommune.
- d) For reiser innanfor fylkesgrensa gjeld fylkeskommunale takstar og stoppmønster.
- e) Materiellet på ruta skal tilpassast personar med nedsett funksjonsevne eller det skal gjevast eit serviceopplegg som tek omsyn til denne gruppa sine behov, jamfør rundskriv N-2/2006.
- f) Det er tillatt å utføre lokaltrafikk, dvs. ta opp og setje av dei same passasjerane på heile strekninga innan Sogn og Fjordane og mellom desse haldeplassane i Buskerud: Tuv, Trøim (Hemsedal), Gol skystasjon, Nesbyen (Shell), Bromma, Flå, Gulsvik (Statoil), Ørgenvika og Sokna. Ingen lokaltrafikk på strekninga Hønefoss – Oslo.
- g) Turvognløyve i original og rettkjend kopi av ruteløyvet skal oppbevarast i bussen og visast fram ved ein eventuell kontroll.

#### **4. Konklusjon**

Fylkesdirektøren ser på den nye avgangen som eit alternativ for forretningsreisande og eit godt supplement til fly. Reisetida mellom Sogndal og Oslo med NX170 vil vere mellom 5,5 og 6 timar.

Fylkesdirektøren rår til at Nettbuss får ruteløyve for persontransport på strekninga Sogndal kl. 05.20 – Oslo, med retur kl. 16.00, etter vilkåra a – g ovanfor.